

-Vi skal jobbe for det gode

06.02.2011



- Vi skal jobbe for det gode, sang tårnagentane.

**- Vi skal jobbe for det gode,  
bruке hjertet, bruке hodet!!**

**Det song dei 16 tårnagentane då dei presenterte seg  
og boddskapen sin i kyrkja i føremiddag.**

**Der vart tårnagentprosjektet runda av medan 150  
fylte benkeradane.**



Symbola som det vart jakta på blir presenterte av prest og soknerådsleiar.

Agentane hadde også eit vers om kyrkjeklokka:

'Høgt der oppi  
kirketårnet henger  
det ei diger klokke,  
synger ut en herlig sang,  
klinger med en mystisk klang'

Sokneprest Kristian Due var raus med rosen etter prosjektet som vart gjennomført laurdag og han takka også dei mange vaksne som hadde teke del i det. . Due tykte det hadde vore ein flott dag og at agentane hadde vore svært flinke. Det var dei også i kyrkja under presentasjonen.

- Agentar vil alltid vera på jakt etter oppdrag, løysingar og skattar, sa presten og fekk mange forslag frå agentane då han spurde kor ein kan finna verdfulle skattar:

På havbotnen sa ein,  
oppe i himmelen sa ei annan, hos Gud sa ein  
tredje og i kyrkja sa ein fjerde.

Det siste forslaget vart følgd opp spontant med leiting etter ei bokpakke.

- Men Jesus er den aller største skatten, konkluderte presten.

Saman med soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen presenterte han symbolane som agentane hadde jakta på dagen før. Men dei burde fått enda eitt oppdrag: Å finna ut kven som har måla altertavla. På nettet står det berre at det var 'ein bergensar' og den opplysningsa synest i alle fall vi er i tunnaste laget.

Det skjedde elles mykje i kyrkja i dag, i samband med familiegudstenesten. I tillegg til agentprosjektet var det dåp av to og utdeling av ei bibelbok til femteklassingane. Og så var det kyrkjekaffe etterpå.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen